



## Referat styremøte 09.01.24

Tid: 18:30-21:00

Sted: Teams

Deltagere: Sivert Helland, Turid Sættem Eggen, Tove Hundseth, Bård Andreassen, Astrid Nerhus Dale, Svein Dalen, Randulf Tverfjell, Christina Bjerknes (fom. sak 03/01.)  
Forfall: Allan Nogva, Beatrice Bjørkedal, Ole Mathias Risvik, Reidar Strand,  
Frå administrasjonen: Monica Malmedal, Kristian Kallmyr Lerheim

### Sak 01/01.24 Godkjenne innkalling

#### Vedtak:

Styret godkjenner innkallinga, men legg til:

- Denne gongen kom sakspapira alt for seint. Styret ber om at saksdokumenta blir sendt ut tidlegare, ref. intensjonen om sakspapir 7 dagar i forkant.
- Kommande styremøte (13. og 27.2.), gjennomførast som fysisk møte (med møtestart kl 17:30).

### Sak 02/01.24 Godkjenning av referat frå styremøte 28.11.23

Referat frå styremøte 28.11.23 leggst frem til godkjenning av styret

#### Vedtak:

Styret godkjenner det framlagte referatet.

#### Munnlege orienteringar:

- Medlemsstatistikk
- Faktura for leige av jaktterrenget på Frei 22/23 – viser til rekneskap for 2023.

### Sak 03/01.24 Årsmøte-/Landsmøtesaker

Oppfølging frå sak 82-86/11.23 gjeldande Sporio, Storsviltprøve, Småsviltprøve, Medlemskontingent og E-læring fiskeravgift. Sakene vert lagt fram av ansvarleg utval/styremedlem.

#### Vedtak:

- E-læring fiskeavg.: Det arbeidast vidare med skriftleg presentasjon til årsmøte og landsmøte.
  - Småsviltprøvesaken og Sporiavtalen utgår som saker. Arbeider vidare med presentasjon av storsviltprøven.
  - Medlemskontingent: Arbeider med ordlyden sammen med andre regionsleiarar.
- Forslagsstillerne **må** legge fram konkrete tekstforslag til neste styremøte 13.02. (tidsfrist innsending til regionskontoret 5. februar!).

### Sak 04/01.24 Årshjul 2024

Utvala har utarbeidd forslag til årshjul for 2024. Desse vert lagt fram til godkjenning av styret.

#### Vedtak:

Styret godkjenner dei framlagte årshjula for 2024. Styret ønsker i tillegg at regionintruktørenes planlagte aktiviteter legges inn i årshjula.

Mangler fortsatt årshjul frå barn og ungdomsutvalget. Styret ser alvorlig på dette, og signalisere at det er svært viktig at vi på årsmøtet velger eit operativt barne og ungdomsutvalg.



### **Sak 05/01.24 Årsmøte/TV-samling 16.-17. mars 2024**

Innkalling til årsmøtet 2024 må sendast ut seinast 2 månadar i forvegen, altså seinast 16. januar. Styret bes derfor om å gjer seg opp ei meining om sted (eit hotell i Molde) og tidspunkt/varigheit for årsmøtet.

Har nokon i styret forslag til program for TV-samling bes det at dette vert lagt fram under saksbehandlinga.

#### **Vedtak:**

Styret godkjenner tidspunkt/varigheit for årsmøtet og går for det hotellet som kan gi det beste tilbodet. Regionssekretær er delegert oppgåva med val av hotell.

TV-samling har ei ramme frå kl 11:00 til kl 18:00 laurdag.

### **Sak 06/01.24 Første styremøte etter årsmøtet 2024**

Styret må fastsette dato for første styremøte etter årsmøtet 17.mars 2024. Det er ein fordel at dette møtet kjem kort tid innan årsmøtet er fullført for å få konstituert det nye styret. Styret bes om å komme med forslag til dato.

#### **Vedtak:**

Første styremøte etter årsmøtet leggst til 9. april.

### **Sak 07/01.24 Midlar og tilskot 2024**

Styret har tidlegare vorte oppfordra om å komme med forslag om midlar eller tilskot som bør søkast om i 2024. Styret må no komme med konkrete forslag dersom det er behov eller ønskeleg å søke om noko for 2024.

#### **Vedtak:**

I tillegg til det som ligg inne i budsjettet søkes viltfondet om tilskot til hjorteviltseminar med kr 30'. Videre søker vi Hofseth Int. AS om tilskot til opplæring og utstyr.

### **Sak 08/01.24 Rekneskap 2023**

Rekneskapa for 2023 må godkjennast av styret slik at dette kan leggst fram for årsmøtedelegatane. Foreløpig rekneskap er vedlagt i innkallinga.

#### **Vedtak:**

Styret tek foreløpig rekneskap, som pr dato viser eit underskot på kr 170', til orientering.

Når all periodisering er ferdig (dvs. når tilskot og fakturaer for 2023 er kome inn) så forventast eit resultat omtrent i balanse.

Endeleg rekneskap blir lagt fram i styremøte 13. februar for endeleg vedtak.

### **Sak 09/01.24 Budsjett 2024**

Styret må godkjenne budsjett for 2024 slik at dette kan leggst fram for årsmøtedelegatane. Dersom utvala skulle ha innspel eller forslag til budsjettet må desse verte lagt fram under saksbehandlinga.

Forslag til budsjett er vedlagt i innkallinga.

#### **Vedtak:**



Budsjettet som viser eit underskot på kr 68', inkl. ei påplussing på kr 10' på kto. reisekostnader, tas til etterretning.

Dei administrative kostnadene har auka mykje over tid og ser ut til å fortsette å auke. Styret vedtok difor eit arbeidsmøte i etterkant av årsmøte for ei grundig gjennomgang av driftskostnader sett opp mot driftsinntekter og moglege andre inntektskjelder, for å sikre ein sunnare og betre økonomi som grunnlag for drift av regionlaget framover.

#### **Sak 10/01.24 Årsmøte i lokalforeiningane**

Styret har tidlegare sendt ut mail til lokalforeiningane om at det er ønskeleg å få invitasjon til lokalforeiningsårsmøta. Dette har gitt svak utteljing for representasjon. Styret bes om å vurdere om vi framleis skal be om invitasjon eller om vi skal be om innkalling og møte opp som representantar for regionlaget, noko som vi har rett til i samsvar med vedtektene.

#### **Vedtak:**

Vi ber om å få tilsendt kopi av innkalling til lokalforeininganes årsmøte. Med bakgrunn i datoane har vi ei målsetning om at nokon frå regionslaget (styret, org.instruktørar, adm.) skal delta på årsmøtet til alle lokallaga i 2024. Representasjon frå regionlaget blir fordelt når vi har fått oversikt over årsmøtedatoar i lokalforeiningane.

Møtet slutt kl 21:45

Referent  
Bård Andreassen